



ARTSDATABANKEN



2018

ÅRS  
RAP  
PORT

2018

**Forside**

Layout: Åshild S. Viken, Artsdatabanken (CC BY 4.0)

Foto: Olga Hilmo (CC BY 4.0)



2018

# Årsrapport

## Innhold

I. Styremelding 2018	4
II. Introduksjon til verksemda og hovudtal	6
III. Aktivitetar og resultat i 2018	10
IV. Styring og kontroll i verksemda	18
V. Vurdering av framtidssutsikter og risiko	19
Økonomirapportering	20
Vedlegg 1 Årsrekneskap	21
Vedlegg 2 Riksrevisjonens rapport	34

## I. Styremelding 2018

Styret har lagt Klima- og miljødepartementet (KLD) sitt mandat av 21.12.2017 til grunn for styring av arbeidet: «Artsdatabanken er en nasjonal kunnskapsbank om naturmangfold i Norge. Artsdatabankens viktigste oppgave er å forsyne samfunnet med oppdatert og lett tilgjengelig kunnskap om naturtyper, arter og populasjoner (genetisk variasjon).» Mandatet vart revidert og bestemt av Regjeringa ved kongeleg resolusjon av 31.8.2018. I formålet til Artsdatabanken kom det eit tillegg som lyder: «Artsdatabanken skal ha en fri og uavhengig stilling i alle faglige spørsmål.» Samstundes med mandatet fekk Artsdatabanken også nytt styre frå 1.9.2018.

Styreleiar har vore rådspurt i KLD sitt arbeid med mandat og styreoppnemning. Det gamle styret hadde tre styremøte i 2018 og det nye styret har hatt to styremøte i 2. halvår. I tråd med mandatet oppnemnde KLD i 2018 ei rådgjevande forvaltningsgruppe for Artsdatabanken. Dette organet har hatt eitt møte i 2018 og har oppnemnt eitt styremedlem.

Ny strategisk plan for Artsdatabanken for perioden 2018-2022 vart vedteken av det nye styret i møte 3. okt. 2018. Sidan den strategiske planen først vart vedteken i oktober, er denne årsrapporten utforma etter inndeling av den førre strategiske planen.

Styret har hatt fokus på prioriteringar i KLD sitt tildelingsbrev for 2018. Det er lagt særleg vekt på arbeidet med ny Framandartsliste, ny Raudliste for naturtypar, Økologisk grunnkart og oppbygging av administrative funksjonar i Artsdatabanken som sjølvstendig, bruttobudsjettert verksemd.

Administrasjonen har etablert eigne administrative organ og rutinar som sjølvstendig bruttobudsjettert verksemd, m.a. etablering av team, samarbeidsorgan med fagforeiningane og policydokument om lønsutvikling, HMS, beredskap og rapporteringsrutinar.

Arbeidsoppgåver og ressursbruk i 2018 har vore godt forankra i styrevedtak om årsplan og budsjett. Måloppnåinga har vorte rapportert kontinuerleg til styret gjennom året og styret er godt nøgd med administrasjonen si planmessige utvikling av verksemda.

Styret er godt nøgd med sakførebuingar, økonomistyringa, oppfølging av vedtak i styret og resultatoppnåing i 2018. Artsdatabanken har gjennomført prosessen med leige av nye lokale og flytta inn i nye lokale i Pirsenteret i slutten av juni. Styret er nøgd med at Artsdatabanken no har tidsmessige lokale med gode funksjonar, innafor arealrammene for statlege verksemdar og til kostnader på linje med tidlegare leigeprisar.

Artsdatabanken sin økonomi er tilfredsstillande sett i lys av oppgåvene i 2018. Overførte midlar frå overdraging av verksemda frå KD til KLD har i budsjettåret vorte nytta til dei formål som opphaveleg var tiltenkt.

Av fleire viktige milepælar og leveransar i 2018 vil styret spesielt trekkja fram at Artsdatabanken i same året har levert følgjande:

Ferdigstilling og publisering av ny Framandartsliste for Noreg på planlagt dato 5.-6. juni 2018 og omfattande oppfølging av resultata i etterkant.

Ferdigstilling og publisering av ny Raudliste for naturtypar på planlagt tidspunkt 21. november 2018.

Avklarte roller i det økologiske grunnkartet og god framdrift i arbeidet med å etablere den tekniske infrastrukturen.

Artsdatabanken har gjennomført ei rad naudsynete administrative reorganiseringar i 2018, dette er gjennomført parallelt med gjennomføringa av kjerneoppgåvene.

Dette er produkt og tenester som har stor verdi både for Artsdatabanken sine brukarar innan forvaltning, forskning og ålmenta. Resultatoppnåingane er gode døme på samarbeidet mellom Artsdatabanken, kunnskapsprodusentane og styresmaktene. Eit vidare godt samarbeid med kunnskapsprodusentar og brukarar er grunnlaget for Artsdatabanken sitt arbeid og dei resultata som er oppnådd.

Styret vil trekkje fram potensialet i å vidareutvikle Artsdatabanken sitt samfunnsoppdrag, spesielt innan arbeid med infrastruktur og bruk av teknologiske nyvinningar i oppgåveløysingane. Potensialet for effektivisering ved automatisert datafangst basert på ny teknologi vil auke volum og kvalitet og vil styrke Artsdatabanken si rolle som kunnskapsformidlar vesentleg.

Styret ser fram til vidare god dialog med KLD, andre relevante styresmakter og kunnskapssektoren om framtidig organisering av og innhald i Artsdatabanken sitt samfunnsoppdrag.

Trondheim, 19. februar 2019

  
Bror Yngve Rahm

  
Rune Moe

  
Torborg Berge

  
Sonja Elin Kleven Jakobsen

  
Kristoffer Bøhn

  
Snorre Henriksen

## II. Introduksjon til verksemda og hovudtal

### Verksemda og samfunnsoppdraget

Artsdatabanken er ein nasjonal kunnskapsbank for naturmangfald og har som hovudoppgåve å formidle oppdatert informasjon om arter og naturtypar og gjere den lett tilgjengeleg. Gjennom innsamling, systematisering og formidling av kunnskap, byggjer Artsdatabanken bruer mellom vitenskap og samfunn.

Totalbudsjettet for Artsdatabanken i 2018 var på 97,5 mill. kr.

Artsdatabanken administrerer Artsprosjektet på vegne av KLD. Vi har også omfattande oppgåver knytt til etablering av infrastruktur for å lagre og formidle data om arter, naturtypar og miljøvariablar som ledd i KLD sitt arbeid med Økologisk grunnkart. Dette arbeidet er utført i samarbeid med Miljødirektoratet som har leia arbeidet.

### Mandat, formål og oppgåver

Artsdatabanken er ein nasjonal kunnskapsbank om naturmangfald i Noreg. Artsdatabanken si viktigaste oppgåve er å forsyne samfunnet med oppdatert og lett tilgjengelig kunnskap om naturtypar, arter og populasjonar (genetisk variasjon). Artsdatabanken skal ha ei fri og uavhengig stilling i alle faglige spørsmål.

Artsdatabanken har ansvar for å:

- Innhente, vidareutvikle, kvalitetssikre og gjere tilgjengeleg kunnskap om arter og natur i Norge (NiN)
- Drifte og vidareutvikle karttenester for arter og natur i Noreg (NiN).
- Bidra i utvikling av økologisk grunnkart
- Foreta jamlege revisjonar av norsk raudliste for arter og norsk raudliste for naturtypar
- Foreta jamlege revisjonar av økologisk risiko for framande arter i Noreg
- Administrere Artsprosjektet som skal styrke kunnskapen om artsmangfaldet i Noreg i hht eige mandat
- Utføre oppgåver som er i tråd med Artsdatabanken sitt formål
- Drifte og vidareutvikle infrastruktur for kunnskap om arter og økologi
- Vere ein aktiv aktør i relevante fora, både nasjonalt og internasjonalt

Artsdatabanken skal ikkje sjølv gjennomføre kartlegging i felt, samle inn biologisk materiale, eller ha forskingsoppgåver. Artsdatabanken skal ikkje ha forvaltingsoppgåver ut over det som er omtalt i mandatet.

## Hovudtal frå verksemda

Nøkkeltal	2018
Årsverk (netto)	26
Tilsette	30
Samla tildeling (mill. kr) over 1411 og 1410.21	97,5
Driftsutgifter (mill. kr)	47,4
Herav lønn (%)	49,4

Volumtal	2018
Talet på ekspertar som har delteke i arbeidet med Framandartslista	52
Talet på ekspertar som har delteke i arbeidet med Raudlista for naturtypar	36
Talet på økter på nettsida Artsdatabanken.no	480 000
Talet på økter på Artskart, inkl. trafikk på WMS og API	444 000
Talet på økter på Artsobservasjonar	1 160 000
Talet på artsfunn i Artskart (mill.)	28
Talet på primærdatabaser som leverer data til Artskart	188
Talet på norske institusjonar som leverer data til Artskart	36
Talet på rapportørar som legg inn data i Artsobservasjonar	12 500
Talet på rapportørar som har lagt inn meir enn 100 artsfunn i Artsobservasjonar	3 045
Talet på artsfunn i Artsobservasjonar (mill.)	20,8
Talet på nye arter funne gjennom Artsprosjektet 2009-2018	2900
Talet på nye arter funne i 2018 i Artsprosjektet	350
Talet på arter publisert i Arter på nett	2420
Talet på arter i Artsnamnebasen (funne i Noreg)	46 886
Talet på nordsamiske artsnamn	2864

## Styret

Styret frå 2017 vart sitjande fram til KLD oppnemnde nytt styre for Artsdatabanken frå 1.9.2018. Det ny styret hadde 31.12.2018 følgjande 7 medlemmer:

Bror Yngve Rahm, Norsk industri (styreleiar)

Vara: Iulie Aslaksen, Statistisk sentralbyrå

Vigdis Vandvik, Universitetet i Bergen (nestleiar)

Vara: Rolf A. Ims, UiT Norges arktiske universitet

Rune Moe, Noregs Vassdrags- og Energidirektorat

Vara: Astrid Brekke Skrindo, Statens vegvesen

Sonja Elin Kleven Jakobsen, Noregs fiskarlag

Vara: Nils Bøhn, Noregs skogeigarforbund

Torborg Berge, Sandnes kommune

Vara: Bård Bredesen, Oslo kommune

Kristoffer Bøhn, Sabima

Vara: Maja Aarønæs, Sabima

Snorre Henriksen, Artsdatabanken

Vara: Lisbeth Gederaas, Artsdatabanken

Rune Moe og Astrid B. Skrindo er oppnemnde av forvaltningsbrukargruppa for Artsdatabanken.

Styret har det overordna ansvaret for verksemda. Styret skal vedta årlege planar og budsjett for verksemda og godkjenne årsrapportar inkl. rekneskap. Styret har også ansvar for at årsrapport med rekneskap for føregående år samt budsjettforslag for komande år vert sendt over til KLD med kopi til Riksrevisjonen.

## Forvaltningsbrukargruppe

KLD har oppnemnd følgjande medlemmer i forvaltningsbrukargruppe for Artsdatabanken:

Kristin Nordli, Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Vara: Daniel Hesby Mathé, Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Rune Moe, Noregs Vassdrags- og Energidirektorat

Vara: Anne Johanne Kråkenes, Noregs Vassdrags- og Energidirektorat

Astrid Brekke Skrindo, Statens vegvesen

Vara: Arne Heggland, Statens vegvesen

Anne Kjos Veim, Fiskeridirektoratet Gunnstein Bakke, Fiskeridirektoratet

Ivar Ekanger, Landbruks- og matdepartementet

Vara: Linn Viken Bøe, Landbruks- og matdepartementet

Yngve Svarte, Miljødirektoratet

Vara: Anne Sundbye, Miljødirektoratet

Artsdatabanken har hausten 2018 hatt eitt møte med denne gruppa.

## Strategi


Både dei tilsette og styret har gjennom året delteke i prosessen med å utforme ein ny strategisk plan for 2018-2022. Ny strategisk plan vart vedteken av styret 3.10.2018 og vil vera førande for verksemda frå 2019.



## Organisering

Artsdatabanken har i 2018 vore underlagt KLD. Departementet har hatt det overordna ansvaret for Artsdatabanken sitt mandat, oppnemning av styre og løyving av årleg budsjett.

I 2018 har Artsdatabanken gjennomført omorganisering. Det er etablert team for dei ulike oppgåvene. Organisasjonen ser slik ut:



Artsdatabanken hadde pr. 31.12.2018 30 tilsette. Grunna mellombels vakansar og tilsette i reduserte stillingar stod dei tilsette for netto 26 årsverk.

Gjennom året har det vore 6 innleigde konsulentar som gjennom tenestekjøp har utført programmeringsoppgåver saman med egne IKT-utviklarar.

## Tillitsvalde

Representant for Akademikarane: Øyvind Bonesrønning

Representant for Tekna: Torstein Altin

Representant for UNIO: Lisbeth Gederaas

Representant for LO Stat: Åshild Stolsmo Viken

Dei tillitsvalde har delteke i organisasjonsarbeid i Samarbeidsforum og i førebuingane til lokalt lønsoppgjjer. Oppgjeret i 2018 vart gjennomført i KLD og hovudorganisasjonane.

## Lokalisering

Artsdatabanken si framleige i leigeavtalen til NTNU i NINA-bygget vart avslutta i juni 2018. I samarbeid med Statsbygg vart det innhenta tilbod frå utleigeara i Trondheim. Det beste tilbodet kom frå E. C. Dahls Eigedom. Det vart difor skrive leigekontrakt for Artsdatabanken sine nye lokale ved Pirsenteret

### III. Aktivitetar og resultat i 2018

#### Overordna resultatdel

Artsdatabanken har i juni 2018 ferdigstilt og publisert økologisk risikovurdering av framande arter. Arbeidet var organisert, leia og publisert av Artsdatabanken, men sjølve risikovurderinga vart utført av oppnemnde ekspertar frå ulike fagmiljø på basis av eigen fagvegleiar og metodikk. Artsdatabanken har hatt eit godt samarbeid med Vitskapskomiteen for mat og miljø (VKM). Framandartslista, som ho no heiter, har fått god mottaking av brukarmiljøa og styresmaktene. Den norske metodikken og IKT-verktøyet vert òg nytta i Sverige i deira første risikovurdering av framande arter.

Artsdatabanken har i 2017 og 2018 arbeidd med Raudliste for naturtypar. Arbeidet var organisert og leia av Artsdatabanken, men sjølve risikovurderinga vart utført av oppnemnde ekspertar frå ulike fagmiljø. Metodikken er i samsvar med IUCN sine nye retningslinjer. Typeinndelinga er basert på systematikken i Natur i Noreg (NiN). Raudlista for naturtypar vart ferdigstilt og publisert 21. november 2018, og fekk stor merksemd i media og hjå ulike brukarmiljø.

Røynslene frå risikovurderingane av framande arter og Raudlista for naturtypar avdekkar at det no er naudsynt med revisjon av arbeidsmåte og arbeidsdeling mellom Artsdatabanken og institusjonane som har leiarar og medlemmer i ekspertkomiteane. Artsdatabanken har starta ei vurdering av dette og vil kome med tilrådingar for desse sykliske prosessane i 2019.

Artsdatabanken har i samarbeid med Naturhistorisk Museum arbeidd vidare med NiN, mellom anna med brukarretteiing og kurs i naturkartlegging. Vitskapleg råd for NiN er no reetablert, dette rådet vil bidra til vidareutviklinga av NiN og medverka til forankring av arbeidet i dei vitskaplege miljøa. Behovet for vidareutvikling har vore tema i dialog med sentrale brukarar.

Arbeidet med økologisk grunnkart (ØG) vert leia av Miljødirektoratet. Artsdatabanken har ansvar for infrastruktur for dataflyt, mobilisering og etablering av viktige kartlag. Artsdatabanken har òg gjeve fagleg støtte til kartlegging av natur. Artsdatabanken har etablert ein pilot av ei kartløyising (NiN-kart) med fleire kartlag. Landskapstypar, kartlagde naturtypar, arter og fleire miljøvariablar vert no tilgjengelege. Vi arbeider også vidare med ulike distribusjonsløyisingar, mellom anna i nettstaden Geonorge.no, for formidling av innhaldet til brukarar.

Artsprosjektet har òg i 2018 kome med mykje ny kunnskap om dårleg kjende arter. Frå 2009 og fram til i dag er det funne nærare 2900 nye arter for Noreg, derav rundt 350 nye arter frå kartleggingsprosjekt som vart avslutta i 2018. DNA-strekkoding i NorBOL-nettverket har løfta kunnskapsgrunnlaget om norske arter vesentleg. Forskarskulen i biosystematikk (ForBio) har styrka og vidareutvikla kompetansen og kapasiteten i dei taksonomiske fagmiljøa i Noreg.

Artsobservasjonar er framleis ein stor suksess og hadde ved årsskiftet nærare 20 mill. observasjonar, Artsdatabanken har i 2018 lagt stor vekt på arbeidet med kvalitetssikring av artsfunna.

Arbeidet med Raudliste for arter skulle vore starta opp i 2018 for publisering i 2020. Kapasiteten i Artsdatabanken, med to andre store lanseringar i 2018, har gjort det naudsynt med utsetjing.

Artsdatabanken har gjennomført ei rad administrative reorganiseringar i 2018 parallelt med gjennomføringa av kjerneoppgåvene.

Måleskala	Betegnelsen	Beskrivelse
T1	Tellevariabelen	Antall enheter
T2	Logaritmisk tellevariabel	2-logaritmen til antallet enheter innenfor et aktuelt område, avrundet nedover til nærmeste hele tall (2-logaritmen er det tall 2 må opphøyes i for å gi det aktuelle tallet; 2-logaritmen til 1 ( $\log_2 1 = 0$ ) (fordi $2^0 = 1$ ); $\log_2 2 = 1$ ; $\log_2 4 = 2$ ; $\log_2 8 = 3$ ; $\log_2 16 = 4$ ; $\log_2 32 = 5$ etc. TL-skalaen for å angi tellevariabler brukes når det er tilstrekkelig for formålet å angi størrelsesorden, dvs. når angivelse av eksakt antall ikke anses regningssvarende.
T3	Tetthets- og konsentrasjons-variabelen	Antall enheter pr. flatemålsenheter (f.eks. hektar, dvs. 10 000 m <sup>2</sup> ); relevant flatemålsenheter må angis for hvert tilfelle.
T4	Logaritmisk tetthets- og konsentrasjons-variabel	2-logaritmen til antallet enheter pr. flatemålsenheter, avrundet nedover til nærmeste hele tall, relevant flatemålsenheter angis for hvert tilfelle.

## Tilstand og utvikling i norsk natur

Hovudmål: Artsdatabanken skal vere sentral i formidlinga av tilstand og utvikling i naturmangfaldet.

### Framande arter

Artsdatabanken sitt arbeid med økologisk risikovurdering av framande arter vart lansert 5. juni 2018 og fekk stor interesse hjå forvaltingsstyresmakter, næringsaktørar og andre brukarar. I forkant av lanseringa vart det vedteke å endra namn frå «Svartelista» til «Framandartslista», då omgrepet Svartelista ofte fører til mistydingar. Framandartslista er eit meir dekkande namn for det arbeidet vi gjer og er betre harmonisert med internasjonal omgrepsbruk om framande arter.

Vurderinga av kva økologisk risiko dei framande artene har, er utført av 52 ekspertar frå 14 ulike forskingsmiljø, fordelt på 12 ekspertkomitéar. Røynslene frå arbeidet er prega av forseinkingar i komiteane og sterkt behov for tiltak frå Artsdatabanken med omsyn til kvalitet. Førebels resultat vart lagt ut for offentleg innsyn i desember 2017. Responsen var stor, 174 personar kom med merknader og nye opplysningar. Nokre av desse auka kunnskapsgrunnlaget. Offentleg innsyn før dei endelege vurderingane vert fastlagt har ført til større legitimitet av Framandartslista.

Artsdatabanken har hatt samarbeid med Vitskapskomiteen for mat og miljø (VKM) og Framandartslista var presentert på eit felles arrangement. Gjennom året er arbeidet med framande arter gjort greie for på ulike arenaer, både på konferansar og i møte. Det har vore mykje mediemerksemd i alle kanalar og det er gjort greie for metodikken og kunnskapsgrunnlaget særskilt ovanfor sentrale næringsaktørar. ArtDatabanken i Sverige har brukt den norske metoden (GEIAA) og Artsdatabanken har drifta deira framandartsbase i den første svenske risikovurderinga av framande arter.

### Norsk raudliste for naturtypar

Hausten 2017 vart 9 ekspertkomitéar, med til saman 36 medlemmer, etablert for å revidere Norsk raudliste for naturtypar. IUCN sin metodikk (kategoriar, kriterier og retningslinjer) vart lagt til grunn for arbeidet. Det har vore naudsynt å tilpassa retningslinjene for fastsetjing av vurderingseiningar til Natur i Noreg (NiN) som typesystem.

For å kalibrere bruken av kriterier, bruken av kunnskapsgrunnlaget og krava til dokumentasjon var det naudsynt både å gjennomføre felles komitéamling og møte med enkelte av komitéane. Mange komitéar kom seint i gang og dette hadde følgjer for den vidare framdrifta. Arbeidet med å fastsetja vurderingseiningar skulle vore ferdig 14. april og raudlistevurderingane skulle vore ferdige 15. juni for offentleg innsyn. Forseinkingar i fleire komitear og variabel kvalitet på arbeidet medførte at Artsdatabanken måtte utsetja innsynet til 17. september. Innsynet for marint gruntvatn vart utsett til 12. november. Det kom over 30 innspel frå ulike fagmiljø på dei førebels raudlistevurderingane, fleire av desse medførte endringar i konklusjonane i komiteane.

På grunn av manglande kapasitet var det krevjande for Artsdatabanken å fullføre arbeidet, men Raudlista for naturtypar vart lansert 21. november. Frammøtet på lanseringsarrangementet var særst godt og resultatane vart godt mottekne av brukarar i forvaltningsstyresmaktene.

### Risikovurderingar og raudlistevurderingar

”Norsk rødliste for arter og naturtyper, samt risikovurderingar av fremmede arter, oppdateres jevnlig..» Meld. St. 14 (2015-2016). I instruksjonen frå KLD er dette eksplisitt formulert slik: «I tillegg til dette har Stortinget besluttet at oppdatering av arter og naturtyper og fremmedartslista skal skje slik at alle artsgrupper og naturtyper blir gjennomgått hvert 5.år. jf. anmodningsvedtak nr 679, 23.mai 2016.»

Ein revisjon av Raudlista for arter skulle vore starta opp i 2018 og ei ny liste skulle vore presentert i 2020, fem år etter førre utgåve. På grunn av intern ressurskapasitet i Artsdatabanken, med både økologisk risikovurderingar av framande arter og ny raudliste for naturtypar som begge vart fullført i 2018, har Artsdatabanken sett seg nøydd til å utsetja oppstarten til 2019 og med lansering tentativt planlagt i 2021.

Røynslene frå risikovurderingane av framande arter og raudlistene for arter og naturtypar avdekkar at det no er naudsynt med revisjon av arbeidsmåte og arbeidsdeling mellom Artsdatabanken og institusjonane som har leiarar og medlemmer i ekspertkomiteane. Artsdatabanken har starta ei vurdering av dette og vil kome med tilrådingar for desse sykliske prosessane i 2019.

## Infrastruktur for dataflyt og formidling

Hovudmål: Artsdatabanken skal vere drivande i utviklinga av infrastruktur for innsamling, handsaming og formidling av data om naturmangfaldet i Noreg.

### Økologisk grunnkart

Økologisk grunnkart (ØG) er ei satsing politisk fremma gjennom Meld. St. 14 (2015-2016). Arbeidet er leia av Miljødirektoratet og finansiert over kap. 1410 i statsbudsjettet. Artsdatabanken har ansvar for etablering av infrastruktur for dataflyt, mobilisering, etablering og distribusjon av viktige kartlag.

ØG skal ha mange kartlag innafor tema som: Arter, landskapstypar, naturtypar og miljøvariablar. Artsdatabanken skal samordna dataflyt, etablere innsynsportalar og karttenester. Prioritering av kartlag skjer i ei tverrsektoriell direktoratsgruppe, leia av Miljødirektoratet og der Artsdatabanken deltek i sekretariatet.

Artsdatabanken og Miljødirektoratet har etter oppdrag frå KLD søkt å avklare korleis ØG skal utviklast, både med omsyn til dataflyt, teknisk infrastruktur, roller og formidling av data til brukarane. Det har òg vore naudsynt med avklaringar med KLD på område der grenseflatane mellom Artsdatabanken og Miljødirektoratet er kompliserte. Prinsippet er at Artsdatabanken skal forvalte nøytrale NiN-baserte grunndata (etter fagstandarden NiN-Core) i eigen teknisk infrastruktur. Artsdatabanken skal også etablere og drifte ein forvaltningsportal der desse nøytrale dataene kan formidlast, men i same forvaltningsportal skal også forvaltningsverdsette, kartlagde data frå Miljødirektoratet og andre datakjelder vera tilgjengelege. Desse datasetta skal også vere tilgjengelege for brukarane i Geonorge.no.

Artsdatabanken har etablert utkast til eigen fagstandard (NiN-Core) for kartlegging av naturtypar basert på NiN-systemet. Ferdigstilling av denne fagstandarden har av kapasitetsmessige omsyn vorte utsett i 2018,

men vi tek sikte på å kome i mål etter høyring/godkjenning i 2019. Dette skjer i samarbeid med institusjonar som kartlegg naturtypar og Statens Kartverk.

Landskapstypar, kartlagde naturtypar og miljøvariablar i ØG skal vere i samsvar med Natur i Noreg (NiN). Artsdatabanken har i 2018 kome langt i arbeidet med utvikling av teknisk infrastruktur og innsynsløysing på kart, med ein prototype for naturtypar (NiN-kart) i 2018. Av kapasitetsomsyn har arbeidet vorte gjennomført ved ein kombinasjon av eigne utviklarar og eksterne konsulentar gjennom tenestekjøp.

Alle kartdata frå Miljødirektoratet si kartlegging i perioden 2010-2017 er no tilgjengelege i piloten for kartportalen. Gjennom samarbeid med Norges geologiske undersøkelse (NGU) og Norsk institutt for naturforskning (NINA) er det også tilgjengeleg eigne heildekkande kartdatasett for miljøvariablar. Førebels har dette resultert i følgjande datasett: NGU: kalkinnhald i berggrunn, ultramafisk berggrunn, dominerande kornstorleik og erosjonsmotstand i marine sediment. NINA: Landskapstypekart (inkludert kart over landskapsgradientar), bioklimatiske soner og bioklimatiske seksjonar. Statens kartverk: Høgdedata og isbrear. Vidare samhandling med desse og andre dataeigarar, mellom anna ved å formidle marine datasett, vil verta ei viktig og omfattande oppgåve i åra som kjem for å realisere mest mogleg data i ØG.

### Natur i Noreg

Natur i Noreg er Artsdatabanken sitt type- og beskrivessystem for naturvariasjon. NiN skal være vitenskapelig basert og vert revidert **på grunnlag av gjeldande kunnskap**. Artsdatabanken har hovudansvaret for å utvikle og tilrettelegge NiN-metodikken slik at denne kan brukast i miljøforvaltninga og sektorane si kartlegging (Oppfølging av Meld. St 14 (2014-2016) Natur for livet). Den same stortingsmeldinga viser også til at NiN skal leggjast til grunn for all kartlegging av naturtypar i offentlig regi.

For å sikre høg vitenskapelig kvalitet på arbeidet med NiN er det etablert eit vitenskapelig råd for NiN. Rådet har ansvaret for å ta stilling til forslag til endringar i prinsipp, typeinndeling og beskrivessystem i NiN, slik at systemet er mest mulig oppdatert i høve til gjeldande kunnskap om norsk naturtypevariasjon. Det vitenskapelige rådet for NiN vart på slutten av 2018 reetablert og skal jobbe mot ein betra versjon av NiN fram til 2022. I 2018 vart ein feltvegleiar for kartlegging etter NiN i terrestriske system revidert og publisert. Ein første versjon av ein marin feltvegleiar og ein feltvegleiar for ferskvatn er under publisering. Artsdatabanken har og gjeve fagleg støtte til feltkartlegging av natur etter Natur i Noreg (NiN).

### Artskart

Karttenesta Artskart er ei sentral kjelde til stadfesta informasjon om førekomst av arter. Tenesta har mange brukarar i mellom anna forvaltning, forskning, organisasjonar og ålmenta. Artskart er no kopla opp mot Artsdatabanken sitt arbeid med ØG. Ved årsskiftet var det tilgjengeleg om lag 28 millionar artsfunn av over 40 000 arter frå 188 kjeldedatabasar, levert av 39 norske institusjonar og nokre GBIF noder utanfor Noreg. Trenden dei siste åra har vore at ny datatilgang frå universitetsmusea har minka, og at data frå frivilljug borgarrapportering i Artsobservasjonar har auka.

Artskart vart oppgradert med ny versjon i 2017, men det er framleis teknisk gjeld i løysingane for formidling av data frå denne versjonen gjennom kanalar som API-tenester, WMS/WFS og andre format. Mellombels drift av ein tidlegare versjon medfører ekstra ressursbruk. Arbeidet med å migrere og ferdigstille tenestene har i 2018 ikkje kunne prioriterast grunna underkapasitet i Artsdatabanken sin utviklarstab.

### Artsobservasjonar

Rapporteringsverktøyet Artsobservasjonar held fram å vere ein suksess. Artsobservasjonar vart lansert i mai 2008 og hadde dermed 10-årsjubileum i 2018. Ved årsskiftet nærma det seg 20 millionar funn i tenesta. Artsobservasjonar inneheld rapportar på over 23.500 arter, som er 1200 fleire arter enn på same tid i fjor. Auken er størst på virvellause dyr.

Artsdatabanken held fram å ha fokus på brukarane gjennom brukarstøtte, informasjon, kommunikasjon, oppretting av feil i tenesta og tilrettelegging av etterspurt funksjonalitet. Det har vore arbeid med etablering av funksjonalitet for overvaking av arter. Det er no òg utvikla ei mobilvenleg løysing for rapportering og søk, som kan nyttast for enklare rapportering ute i naturen.

I 2018 vart det lyst ut tilskot til brukarstøtte og validering av artsfunn i Artsobservasjonar. Basert på tildelingskriteria vart det Sabima og Norsk ornitologisk foreining som i perioden 2018-2020 skal stå for dette arbeidet i samarbeid med Artsdatabanken.

Gjennom kunngjering i 2018 vart også vitskaplege institusjonar invitert til å søkje tilskot til kvalitetssikring av artsfunn der valideringsprosenten er låg. NINA og Biofokus skal utføra dette i 2019.

Framdrifta på arbeidet med tenesta har i 2018 vore prega av låg administrativ kapasitet, dessutan treng nyttilsette utviklarar tid på å kjenne det tekniske systemet godt nok for å vere produktive. Det har difor ikkje vore fokus på å nå store nye mål, men heller på å drifte og oppretthalde systemet.

## **GBIF**

Artsdatabanken og GBIF-Noreg har også i 2018 hatt samarbeid om datamobilisering frå datakjeldene. Her har Artsdatabanken ei større rolle enn tidlegare ved å ha ansvar for hausting frå kjelder i offentleg forvaltning. Grunna utfordringar med teknisk IT-kapasitet i Artsdatabanken har arbeidet med datamobilisering i 2018 måtte avgrensast sidan arbeidet med ØG har hatt prioritet.

## **Norsk marint datasenter (NMDC)**

Artsdatabanken har delteke i forskingsrådsprosjektet NMDC som vert leia av Havforskningsinstituttet. NMDC arbeider for å gjera marine datasett tilgjengeleg for forskning og forvaltning. Artsdatabanken har i 2018 gjort data tilgjengelege i NMDC sin infrastruktur og tenester, og har levert oppdaterte marine datasett til denne infrastrukturen. Prosjektet har frå 2018 gått inn i ein 5-årig driftsfase med lågare aktivitet.

## **Teknisk utviklingsarbeid med infrastruktur**

Alle produkta og tenestene i Artsdatabanken fordrar eit teknisk utviklingsarbeid. Dette omfattar oppbygging av databasar med brukargrensesnitt for datainnlegging, forretningslogikk, feilretting og funksjonalitet for datapublisering. I 2018 har dette omfatta følgjande produkt og tenester:

- Risikovurdering av framande arter – database, innsyn og publisering
- Raudliste for naturtypar – database, innsyn og publisering
- Artskart og Artsobservasjonar med tilhøyrande tenester
- Drift av Artsnamnebase med vidareutvikling av importfunksjonalitet
- Etablere nettsider og API-tenester (databanken) basert på mikroteneestarkitektur

Arbeidet med å fjerne digital gjeld har vore eit prioritert område i 2018, dette omfattar mellom anna å migrere drift av gamle serverarar over til nye og gjennomgåande teknisk dokumentasjon av fagsystem. Overgangen frå NTNU til eiga verksemd under KLD har medført arbeid med utfasing og erstatning av enkelte tenester frå NTNU. Artsdatabanken har hatt utfordringar med å etablere nye lisensar og å få istand mellombels løysingar for drift av personleg IT-utstyr i påvente av at felles IT-drift av administrative system skal leverast frå Miljødirektoratet. Innflytting i nye lokale har også medført arbeid med planlegging, etablering og tilrettelegging av infrastruktur og tekniske løysingar.

## **Namn og taksonomi**

Artsdatabanken sitt namneregister Artsnamnebasen er primærkjelda for taksonomi og nomenklatur for arter som er funne i Noreg. Eit oppdatert online namneregister er ryggraden for forskingsmiljø, forvaltingsinstitusjonar og frivillige organisasjonar, samt for Artsdatabanken sine egne tenester og produkt. Artsnamnebasen hadde ved årsskiftet nær 185 000 vitskaplege namn, derav namn på 46 886 arter observert i Noreg. Vidare var det registrert rundt 45 000 norske namn på bokmål, nynorsk og nordsamisk, av desse 2864 nordsamiske populærnamn. Den daglege forvaltninga av namn i Artsnamnebasen vert gjort av namneredaktørar. Datamobilisering skjer i tillegg via kartleggingsprosjekta i Artsprosjektet. I 2018 vart eit større etterslep av manglande revisjonar teke hand om og fleire større namnelister vart importert. I tillegg til importen av nemnde 2864 nordsamiske namn, vart også ein større karplantererevisjon gjennomført, og 1 600 nye

soppnamn og 12 310 vitskapelege namn og 10 222 norske namn på alle fuglar i verda kom også på plass i løpet av året. I 2019 er det særleg arbeidet med en ny versjon av Artsnamnebase som vert prioritert i Artsdatabanken sitt arbeid med artsnamn.

## Ny kunnskap

Hovudmål: Artsdatabanken skal bidra til å skaffe ny kunnskap om naturmangfaldet i Noreg

### Artsprosjektet

Artsprosjektet vart oppretta av Klima- og miljødepartementet i 2009 for å styrke kunnskapen om artene i Noreg. Artsprosjektet skal også styrke kompetansen i biosystematikk. Styrkinga skjer mellom anna gjennom å støtte Forskarskulen i biosystematikk (ForBio), i samfinansiering med Norges Forskningsråd. ForBio er no vel etablert og gjennomførte i 2018 eit breitt spekter av kurs i artskunnskap, metodar og karriereutvikling. Kursa vert arrangert i samarbeid med mellom anna det svenske artprosjektet, GBIF og andre kursarrangørar som DEST og NABIS (Nordic Academy of Biodiversity and Systematic Studies). Kursa er primært retta mot MSc- og PhD-studentar og postdocs, men er òg opne for andre interesserte.

Artsprosjektet skal gjennom kartlegging medverka til ei langsiktig oppbygging av kunnskap om artsmangfaldet i Noreg, med særleg vekt på dårleg kjende arter. Ny kunnskap frå kartlegginga fører mellom anna til å halda namneregisteret Artsnamnebasen og karttenesta Artskart oppdatert med ny informasjon om kva arter som finst i Noreg og kvar dei finst geografisk.

Frå 2009 og fram til i dag er det funne nærare 2900 nye arter for Noreg, av desse rundt 350 nye arter frå kartleggingsprosjekt som vart avslutta i 2018. Av alle nye arter for Noreg er om lag 30 % nye for vitskapen. Totalt var det i 2018 heile 28 kartleggingsprosjekt som det er løyvd støtte til gjennom tidlegare utlysningar. Åtte nye prosjekt starta i 2018, desse skal kartleggje leddormar i hamner og leddormar frå djuphavet, nakensneglar, rotsopp i kystlynghei, tjukkseksoppar på bark og ved, stikkmygg og sviknott, augefluger og soppmygg i Nordland. Sju prosjekt er avslutta i løpet av 2018: Insekt på rikmyrer i Hedmark, soppmygg i Finnmark og Troms, blåvedsoppar, raudsporesoppar, tangloppar, hydrozoer, hoppekreps og vassloppar i norske havområde. Prosjektperioden til ytterlegare seks prosjekt gjekk ut 31. desember 2018. Kunngjering av tilskot til kartlegging av arter for 2018 vart kunngjort i februar. Styret vedtok i september at 8 nye kartleggingsprosjekt skulle få tilsagn om tilskot. Desse prosjekta har oppstart i 2019. For å framskunda tilskotsprosessen slik at Artsdatabanken vert synkronisert med budsjettføresetnader som bruttobudsjettet verksemd, var det i tillegg ei ny kunngjering av tilskot til kartlegging av arter i november 2018. Grunna redusert budsjett vart den årlege samlinga for kartleggingsprosjekta (Artsprosjektdagane) kansellert i 2018.

Frå Artsprosjektet kjem det kontinuerleg materiale for å byggje opp eit referansebibliotek med DNA-strekkodar for norske arter. Dette skjer ved at artsprøvar samla inn gjennom kartlegginga vert gjort tilgjengeleg for Norwegian Barcode of Life (NorBOL). Referansebiblioteket skal vera ein ressurs for forskning og forvaltning av naturmangfaldet i Noreg. Per 31. desember 2018 er nærmare 16 500 arter registrert med ein strekkode i dette biblioteket. I oktober arrangerte NorBOL ein workshop i DNA-strekkoding der kartleggingsprosjekta tok med sitt eige materiale og fekk ei praktisk og teoretisk innføring i metoden. NTNU Vitskapsmuseet og Artsdatabanken skal i 2019 arrangere ein stor internasjonal konferanse i Trondheim på DNA-strekkoding, 8th Barcode of Life Conference, og det har vore gjennomført planlegging av arrangementet i 2018.

### Arter på nett

Artsprosjektet skal bidra til å styrkja formidlinga om artsmangfaldet i Noreg, gjennom m.a. Arter på nett. Arter på nett har som mål å gje ulike brukargrupper enkelt tilgjenge til kvalitetssikra og oppdatert informasjon om alle artene som finst i Noreg. Tenesta samlar, genererer og deler opne data i form av tekst, bilete, film, lydar og nøklar for artsbestemming. I 2018 er det hittil publisert informasjon om 329 taksa, dei fleste av desse òg med engelsk tekst. Nye artsgrupper er gallveps, små krepsdyr i ferskvatn, ferskvass-svamp med nøklar for artsbestemming, nokre framande arter som til dømes villsvin og kanadagås og ein nøkkel for artsbestemming

av amfipodar. Totalt er det per 31. desember 2018 publisert 2977 taksa, av disse er 2420 arter medan resten er høgare taksa. Grunna redusert budsjett i 2018 vart det ikkje lyst ut tilskott til å gjere artsdata tilgjengeleg i Arter på nett. Dette er første året sidan 2013 det ikkje vart lyst ut tilskott. Ein samarbeidsavtale med BioCEED, Universitetet i Bergen, om teknisk vidareutvikling av nøklar for artsbestemming vart inngått hausten 2018. Det vart òg inngått ein samarbeidsavtale med NHM-UiO om fagleg rådgjeving i det tekniske utviklingsarbeidet for redaktør av nøklane for artsbestemming.

### Eigenskapsbank

Ein eigenskapsbank med standardiserte opplysningar om eigenskapane til arter vil kunna vera eit nyttig verktøy for forskning og forvaltning. På oppdrag frå Artsdatabanken (Artsprosjektet) har ei gruppe ekspertar greidd ut kva for artseigenskapar som bør inngå i ein slik bank. Arbeidet vert sett i samanheng med aktuelle internasjonale standardar. Arbeidet vart ferdigstilt i mai 2018 og tilrådingar i rapporten vil danna grunnlag for Artsdatabanken sitt vidare arbeid med dette i 2019.

### Relevant forskingsaktivitet

Ein av dei tilsette i Artsdatabanken har fått forskningsmidlar frå Norges Forskningsråd til å gjennomføre ein offentlig PhD innan biodiversitetsinformatikk. Dette arbeidet kan gje Artsdatabanken metodar og verktøy for å effektivisere tilgangen til sikrare og lettare tilgang til artsdata ved artsbestemming via biletgjenkjenning i kombinasjon med nøklar til artsbestemming. Også analysemetodar for å evaluere og kvalitetssikre ikkje-systematiske geografiske artsdata inngår i dette arbeidet og kan auke tryggleiken ved bruk av data frå Artsobservasjonar.

## Kommunikasjon

Hovudmål: Artsdatabanken skal vera ein nyskapande, synleg og respektert formidlar av kunnskap om naturmangfaldet.

### Eksposering

Lanseringa av Framandartslista gjorde Artsdatabanken godt synleg i både riksdekkande, regionale og lokale medium – i hovudsak gjennom faktaorienterte saker om arter og risiko. Lanseringa av Raudlista for naturtypar fekk også mykje omtale. Artsdatabanken har òg oppnådd eit stort publikum i sosiale medium, i august runda vi 5000 likarar på Facebook og 1000 likarar på Instagram og Twitter.

### Store lanseringar

I 2018 har lanseringane av Framandartslista og Raudlista for naturtypar vore det mest sentrale i Artsdatabanken sitt kommunikasjonsarbeid. Sentrale aktivitetar har vore:

- Utvikling av nettløysingane for risikovurderingar med brukarundersøking, programmering, grafisk design, og publisering
- Medverknad i utvikling av mellombels innsynsløysingar for framande arter og raudlista for naturtypar
- Planlegging av kommunikasjonsopplegg kring innsyn og lanseringar
- Innsal mot media og koordinering av mediehendingar
- Gjennomføring av lanseringsarrangement

